



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anne Grete Robøle, 55 57 23 16

Vår dato
09.03.2009
Dykkar dato
12.12.2008

Vår referanse
2008/13623 731.2
Dykkar referanse
200606866-/RH

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Høyringsfråsegn - forslag til forskrift om praktisk tjeneste (turnustjeneste) for å få autorisasjon som fysioterapeut

Fylkesmannen er samd med departementet i at det bør vere ei eige forskrift om turnusteneste for å få autorisasjon som fysioterapeut og at rettar og plikter for kandidatar og turnusstader bør vere forskriftsfesta.

Vi viser til departementets høyringsnotat og framlegg til forskrift i brev av 12. desember 2008 og kommenterer i det følgjande enkelte av føresegnene i framlegget til forskrift.

§ 2. Forskriftens virkeområde,

andre strekpunkt (sitat): *"personer som har utenlandsk autorisasjon som fysioterapeut, og som helt eller delvis må gjennomføre turnustjeneste i Norge for å få autorisasjon som fysioterapeut i Norge."*

Dersom fysioterapeutar utdanna i utlandet skal gjennom turnusteneste i Noreg før dei kan få autorisasjon, bør det kome tydelegare fram kva som er kravet til denne turnustenesta, kven det gjeld, kva omfang tenesta skal ha (seks eller 12 månader), og korleis administrasjonsordninga skal vere. Dersom administrasjon av tenesta for desse fysioterapeutane er meint å følgje same ordning som for fysioterapeutar utdanna i Noreg, må det mellom anna vere reglar for oppmelding til turnusteneste og for informasjon om talet på kandidatar kvart år. Meldingane må kome i så god tid at det let seg gjere å skaffe nok plassar. Det vil seie at regionansvarlege fylkesmenn må ha motteke melding om talet på kandidatar seinast i oktober året før turnustenesta startar 15. august.

Det har hittil ikkje vore klart nok kva krav som skal stillast til den praktiske tenesta som utanlandsk utdanna fysioterapeutar skal utføre for å få norsk autorisasjon. Dei har sjølve skaffa praksisplassar. Det har ikkje vore noko ordning for "godkjenning" av praksisplassane eller oppfølging av at dei har rettleiar og får innføring i norsk helseteneste og relevant regelverk.

Vi er samde i at det skal stillast krav til den praktiske tenesta desse fysioterapeutane skal utføre og understrekar behovet for at det blir gjort klart kven og korleis denne ordninga skal administrerast.

tredje strekpunkt (sitat): *"turnusstedet der turnustjenesten allerede blir eller skal utføres, herunder for fysioterapeut som er veileder og fysioterapeut som er ansvarlig for tjenesten."*

Det er turnusstaden, kommunen eller helseføretaket/verksemd i spesialisthelsetenesta, som har ansvaret for tilrettelegging og ivaretaking av at turnusplassen oppfyller krav i forskrift og retningslinjer. Vi meiner presiseringa "*..., herunder for fysioterapeut som er veileder og fysioterapeut som ansvarlig for tjenesten*" kan gå ut. Oppgåvene til leiar og rettleiar er omtalt i § 13 og kan omtalast i revidert rundskriv IS-11/2005.

§ 8. Utsettelse av praktisk tjeneste

Det bør gå fram av merknad kva som er særlege grunnar for å søkje om utsetjing av turnustenesta og kor lang tid det (som hovudregel) kan søkjast om utsetjing. Vi stiller spørsmål om det skal vere same vilkår for søknad om utsetjing før og etter nummertrekning. Det kjem enkelte spørsmål om utsetjing av turnustenesta for far grunna omsorg for spedbarn. Det er ønskjeleg om det går fram i merknaden i kva tilfelle dette kan vere aktuelt og i dei reviderte retningslinjene korleis dette skal praktiserast. Det er og ønskjeleg om det går fram av merknaden at den som får utsett tenesta, ikkje kan utføre fysioterapi i den aktuelle perioden.

§ 9. Særplass

I den nye forskrifta vil kriterium 3.6.3 a i rundskriv IS-11/2005 "*Medisinske indikasjoner kan berettige til særplass etter en vurdering i det enkelte tilfelle*" kome inn under forskrifta § 9 d. I merknaden bør det også gå fram at dette gjeld kandidaten sjølv, ikkje familiemedlemmer.

Det er svært ønskjeleg om det også går fram av merknaden kva forhold som ikkje gjev grunnlag for tildeling av særplass, jf. presieringar i rundskriv IS-11/2005. Vi får kvart år søknader om særplass som er grunngeve med idrettsutøving på ulikt nivå. Det er kandidatar som ønskjer å kvalifisere seg til elitelag og/eller landslag, andre er trenarar eller ønskjer å kvalifisere seg som trenar på høgre nivå. Det er også søknader frå kandidatar som er landslagsaktuelle og frå andre som representerer Noreg. Vi meiner det bør gå fram av merknaden i kva tilfelle det kan vere *aktuelt å vurdere* tildeling av særplass til turnuskandidatar som skal representere Noreg (d.v.s. som deltek i internasjonale turneringar eller landskampar). Ved vurdering av slike søknader har vi hittil lagt til grunn ei prinsippavgjerd i 2001 frå Statens helsetilsyn. Det blei opna for at utøvarar som representerer Noreg på landslag i turnusåret kan få særplass når dette er nødvendig for å ha tilgang til relevante treningsmiljø for å oppretthalde nivået. Avgjerda opnar ikkje for at utøvarar som blir kalla inn til landslagssamling eller deltek på slike treningssamlingar, kan få tildelt særplass.

§ 10. Fremskaffing og godkjenning av turnusplasser

Erfaring tilseier at ansvaret for å skaffe turnusplassar i regionen bør vere delegert frå direktoratet til regionansvarleg fylkesmann. Han bør og ha mynde til å gje varsel om pålegg om å opprette turnusplassar. Sjølve arbeidet med å skaffe turnusplassane må gå føre seg i nært samarbeid med dei andre embeta i regionen og dei andre regionansvarlege fylkesmennene.

I dag er det fylkesmannen i kvart fylke som godkjenner turnusplassane. Dette går også fram av forskrifta § 6. Vi ser ingen grunn til å endre dette slik det blir lagt opp til i merknaden til § 10, at myndet til å godkjenne turnusplassar kan delegerast til regionansvarlege fylkesmenn. Det er ikkje samsvar mellom ordlyden i merknaden til § 6 og § 10. Ved revisjon av rundskriv IS-11/2005 kan det vurderast å gje meir utfyllande retningslinjer for kva som skal liggje til grunn for å godkjenne turnusplassar

§ 12. Valg av turnusplass

Dersom ordninga med val av barneplass skal vidareførast, er det ønskjeleg om ho blir omtalt i merknaden. Til dømes at ordninga gjeld for turnuskandidatar som har ansvar for barn som før eller under turnustenesta når skulepliktig alder og byrjar på skulen samtidig med oppstart for turnustenesta.

§ 13. Turnusstedets plikter

Første setning er meir presist formulert i 13 forskrift om turnusteneste for legar.

”Turnusstedet skal legge forholdene til rette slik at den praktiske tjenesten kan gjennomføres på anvist turnusplass ”. Vi ser ikkje noko grunn til at denne ikkje kan brukast.

Vidare gjer vi framlegg å endre ordlyden til: *”Turnusstedet skal sørge for at turnuskandidaten kan utføre tenesten i tråd med gjeldende regelverk, målbeskrivelse og øvrige retningslinjer fastsatt av Helsedirektoratet, herunder:”*

På ein del turnusstader vil rettleiaren og den fysioterapeuten som er ansvarleg for tenesta vere den same. Vi meiner det kan vurderast å endre ordlyden til *”en attest fra veileder og arbeidsgiver.”* Rettleiar kan uttale seg om den faglege verksemda. I enkelte saker har vi erfart at kandidaten kan vere fagleg god, men at det andre forhold som gir grunn til å vurdere om turnustenesta skal godkjennast. Det gjeld til dømes frammøte, fråver og evne og vilje til å halde avtaler og å innrette seg etter rutinar på arbeidsplassen. Dette er forhold som vi meiner rettleiar må ta opp med arbeidsgjevar og at det er arbeidsgjevar skal følgje dette opp overfor kandidaten. Difor bør det og vere arbeidsgjevar som uttaler seg om dette.

Fråver

Eit forhold som ikkje er omtalt i høyringsnotatet, og som bør regulerast, er kva slag og kor mykje fråver kandidaten kan ha for å få godkjent turnustenesta. Etter rundskriv IS-11/2005 kan kandidaten ha fem veker ferie og inntil fire veker anna fråver. Vi meiner det bør vurderast å endre ordninga med å godta at kandidaten kan ha inntil fire veker anna fråver, jf. IS-11/2005 kapittel 3.7.

Det er nødvendig å presisere nærare i kva tilfelle arbeidsgjevar skal gje permisjon for å delta på kurs eller samlingar som andre arrangerer og kva som skal reknast som fråver. Døme på kurs som det blir gitt permisjon for å delta på er kurset i offentlig helsearbeid som fylkesmennene arrangerer. Vi får kvart år spørsmål frå kandidatar og arbeidsgjevarar om kandidatar skal ha permisjon med eller utan løn for å delta samlingar som høgskolane arrangerer for kandidatane, og om fråver i samband med desse samlingane er å rekne som fråver eller ikkje. Vi har også registrert at desse samlingane har ulik lengde, frå to dagar til ei veke.

§ 14. Manglende evne til gjennomføring

Turnusstader i regionen spør oss om korleis dei skal gå fram i høve til kandidatar som ikkje synest ha personlege og/eller faglege føresetnader til at turnustenesta kan halde fram og bli godkjent. Dette gjeld ikkje mange kandidatar, men det kan vere krevjande å finne løysningar. Om kandidaten i første omgang blir teken ut av teneste og må gjennomføre meir turnusteneste seinare, involverer dette arbeidet med å skaffe fram plassar. Statens autorisasjonskontor må trekkjast inn for vurdering av om eventuelt deler av utført teneste kan godkjennast eller om heile perioden må gjennomførast på nytt. Om arbeidsgjevar finn at kandidaten umiddelbart må takast ut av teneste, må det vere ordningar for å melde ifrå, også ordningar for å melde ifrå om saker der det er grunn til å vurdere suspensjon eller tap lisens, og for å ivareta kandidaten.

I merknaden til § 14 er det lagt opp til at myndet etter § 14 første ledd kan delegerast til den enkelte fylkesmann. Det er vår erfaring at spørsmål om handtering av desse sakene blir kanaliserte frå fylkesmannen i tenestefylket til regionansvarleg fylkesmann og at spørsmåla ofte kjem seint. Det er mogeleg turnusstadene synest desse sakene er så vanskelege at dei i somme tilfelle utset eller let vere å gjere noko. Det kan innebære at kandidatar som burde vore stoppa, går vidare til neste turnusstad og får autorisasjon utan at det er reelt grunnlag for det.

Sidan det er så få saker kvart år, vil det difor vere sjeldan den enkelte turnusstaden og fylkesmannen får slike saker. Det kan vere grunn til å vurdere om myndet etter § 14 første ledd i staden kan delegerast til regionansvarleg fylkesmann. Ved revisjon av rundskriv IS-11/2005 er det uansett nødvendig å gje betre retningslinjer for handtering av saker der det blir avdekt at kandidaten umiddelbart må takast ut av teneste eller ikkje får godkjent utført teneste, jf. rundskriv IS-9/2005 Turnustjeneste for leger kapittel 5.

§ 18. Tjeneste på godkjent og valgt plass

På lista for val av turnusplassar skal det vere oppført plassar som er eller blir godkjende. Somme kandidatar får tildelt turnusplass. Vi ber om at det blir vurdert å endre ordlyden på § 18 til *"Tjeneste på valgt eller tildelt plass"*.

Vi gjer framlegg om å endre § 18 andre ledd til følgjande: *"Dersom kandidaten ikke tar den valgte plassen, får hun/han ikke tildelt andre turnusplasser det aktuelle turnusåret. Ved neste fordeling (påfølgende år) stiller kandidaten sist ved valget av turnusplasser"*.

§ 20. Klageadgang

Vi er samde i at det skal vere klageadgang på vedtak som blir trefte i medhald av forskrifta. For oversikta si skuld bør også klageinstans for vedtaka vere oppført.

Med helsing

Helga Arianson e.f.
fylkeslege

Anne Grete Robøle
seniorrådgjevar